

Til deg som har fått opptak på bachelor i landskapsplanlegging med landskapsarkitekturfag

Velkommen til oss!

Vi startar undervisninga allereie første veka med faglege gjennomgangar og ekskursjonar ut i eit utval naturtypar. I løpet av dei første vekene etter semesterstart oppsøker vi kulturlandskap, skog, urbant landskap, myr, fjell og lærer å kjenne att plantar. Då er det viktig at du er utstyrt til å vere ute i all slags vêr. Difor er det lurt at du tar med deg regntøy, skikkeleg fottøy, varme klede (ullundertøy, lue osv.) og ein liten dagstursekk til semesterstart!

Når ein skal lære seg planteartar er det heilt nødvendig å ha ei god håndlupe for å sjå detaljar. Viss du vil kjøpe lupe før studiestart, bør du skaffe deg ei som liknar [denne](https://www.naturogfritid.no/Optikk/Luper): <https://www.naturogfritid.no/Optikk/Luper>, med minimum 10 gonger forstørring).

Alternativt kan du melde deg inn i [Ung botaniker](https://botaniskforening.no/ung-botaniker) (<https://botaniskforening.no/ung-botaniker>) når du kjem hit (kr. 250). Då får du ei fin håndlupe i velkomstgåve.

Dersom du skal kjøpe deg ny PC til studiestart, så finn du anbefaling til kva du skal kjøpe her:

<https://www.hvl.no/student/it-hjelp/krav-til-studentenes-it-utstyr-ved-fin/>

Det vil bli noko digital undervisning også til hausten, så vi anbefaler alle å skaffe seg skikkeleg kamera og mikrofon til PC, slik at du kan følgje og delta aktivt i undervisninga.

Har du spørsmål om korleis det er å vera student på dette bachelorstudiet i Sogndal ?

Då kan du ringe eller sende e-post til Vegard eller Markus. Dei er ferdige med to år på dette studiet og skal ta til på siste året. Dei vil gjerne svare deg om du lurar på noko om studiet gjennom sommaren. Ta kontakt med dei på e-post eller mobil.



Høgskulen på Vestlandet

Vegard mobil:



96234459, e-post: vhs.1999@hotmail.com

Markus



mobil: 48020605, e-post:
markustonjer@hotmail.com

Me gler oss til å møta deg !



Høgskulen på Vestlandet

Postboks 7030

5020 Bergen

Telefon: 55 58 58 00

E-post: post@hvl.no

hvl.no